

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Nord-Trøndelag.

Tilleggsspørsmål nr. 7.

Herad: Grong.

Emne: Skav.

Bygdelag: Namdalen.

Oppskr. av: Martin Bjerken.

Gard: Bjerken.

(adresse): Øyheim.

G.nr. 2. Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Av eigne røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Det treslag som vart brukt til skav her i bygda var rogn. Der det ikkje fandst rogn skov dei av ospa. Men ospeskavet var rekna kleinare enn rognskavet. Skavet var eit hjelpefor som ein tok til når det såg ut til å verta i mindste laget med stråfor og så var skavet rekna som eit kraftfor. Trua var at det vart meir meire smør når ein fora med skav og at smøret fekk ein rikare kulør. At det vart betalt meir for ei ku som var skavfora enn for ei anna ku høyrde eg aldri men var ei skavfora ku feittare og såg betre ut enn ei anna ku hadde dette nokko med prisen å gjera men det er ein regel den dag idag at ei fin ku vert betre betalt enn ei ku som er skrinne og honkutt.

At kjøttet av ei skavfora ku vart svart og var vanskeleg å selja høyrde eg aldri nemnt. Derimot har eg kjennskap til at kjøtt av grasfora storfè fekk ein mørkare kulør enn dei kjyr som var stallfora og nådde ikkje so høg pris i handelen. At skavet skulde ha den samme verknad på kjøtkuløren som gras høyrde eg ikkje.

At mjølk frå skavforing var fårleg som kalvefor vart heller aldri nemnt og det er lite truleg at ska-

vet

etter å ha gått vegen gjennom smeltingskanalene på ei ku-
skulde ha fått ein slik sammensetnad at det hadde skade-
verknad på kalvane når dei fekk mjølka i foret sitt.

Å segja for vist kor mykkje dei skov den tida ska-
vet ver med i foringa er vanskeleg men på gardane her i
bygda som har ein gjennomsnittsbetsetning på 8 a 10 kyr
vart skavet berre som eit lite åtåttfor men korleids det
kunde vera i fjellbygderna er ei anna sak då det mykkje
godt kunde vera svelteforingder då dei sette inn for
mange kyr om hausten. Dei dreiv mykkje godt slik då
dei rekna med at det var bra å ha mange kyr på summer-
beitet som i fjellbygderna var mykkje rikare enn på
flatbygderna. At det her ute i Grongbygda vart sett inn
den 5te kua om ein ikkje hadde stråfor til meir enn 4
for å fora ho med skav trur ein ikkje at det vart.

Til skavinga vart tollekniven brukt. Nokkon annan
kniv til det bruk har ein ikkje høyrd nemnt.

Når det gjaldt skavskogen vart det som nemnt brukt
rogn. Nokko rogn voks det på kvar gard i bygda og rog-
nen tok ein godt vare på og slog ikkje ned nyvokster av
den for at den kunde veksa til skavskog. At nokkon leig-
de skavskog hjå naboen såg ein ikkje.

At det ved jords deling eller deling av skog vart
teke omsyn til skavskogen trur ein ikkje. Der det var
bygdeålmenningar tok dei ventelig skavskog der men i
Grong finns ingen bygdeålmennig.

Husmannen hadde ingen rett til skavskog men han
fekk det vist um han spurde om det og der var nokk av
skavskog på garden.

Skavhelle er ukjendt her i bygda og likeins at
nissen sette skavet på veden att um dei var slurvute
med skavinga dei som skov.